

## **Minnesamlingsprosjektet for SVV.**

**Innlegg på Teamsmøtet, 14. april 2026 (kl 10 – 13).**

**Eg vart glad – ja svært glad - då eg vart orientert om minnesamlingsprosjektet, og eg såg fram til det å vere historiekontakt for Hordaland.**

**Minnesamlingsprosjektet ser eg som eit godt og naudsynt tiltak, i ei tid over fleire år - der det veghistoriske arbeidet rundt om i fylka, har blitt tona kraftig tona ned - og langt på veg avvikla og nedstengt.**

**Ja, det som skjedde i 2020 - knytt til det veghistoriske arbeidet - sette sine spor i etaten.**

.....

**Eg håper difor at minnesamlingsprosjektet kan vere med å gjenskape gløden for det veghistoriske arbeidet rundt om i landet.**

**Statens vegvesen var i vår tid ein etat med stort og innhaldsrikt vengespenn, og med mange tilsette både ute og inne. Ja, eit vegvesen med stor kraft og gjennomføringsevne.**

**SVV slik vi ser etaten i dag – etter mange omorganiseringar og vingeklippingar – har blitt ein mykje smalare og meir anonym organisasjon.**

**Ja, mange er skuffa og tankefull over det SVV vi ser i dag.**

**Desto viktigare er det å sikre veghistoria frå vår tid. Og den folkelege delen av denne historia er det vi som er vegpensjonistar i dag – og som hadde skoene på – som kan hjelpe til med.**

**Det er ikkje noko fasitsvar på korleis ein som historiekontakt bør legge dette opp, men her er nokre tankar og erfaringar frå Hordaland, etter nokre månadar i rollen.**

- Eg forstod tidleg at eg måtte skaffe meg ein god og oppdatert oversikt over kven som idag er vegpensjonistar i Hordaland. Ei liste som naturleg nok endrar seg frå dag til dag.**
- Og med dette som grunnlag, sende eg tidleg i november ut eit skriv til vegpensjonistae våre - orienterte om prosjektet, og bad dei kome med**

sine fortellingar – store og små – frå åra sine i Statens vegvesen.

Samtidig veit eg inderleg godt at ikkje alle av våre vegpensjonistar – som andre eldre - er like godt

skodd i dataverda og PC- bruk. Ja, for nokre er dette fjernt og litt skremande.

I skrivet bad eg difor om at dei som ynskte hjelp til historieskrivinga kontakte meg, så vi i fellesskap kunne finne ei løysing på det.

I møte med vegpensjonistane i seinare, slo det meg at fleire vegra seg for slik hjelp, ja, beint fram følte det litt flaut å be om hjelp.

Dette har eg underveis tenkt meir på, og personleg meiner eg det bør vere rom for at veghistoriene også kan skrivast for hand. Det viktigaste må vere å sikre veghistoria, meir enn kva form den kjem i.

Eg bed dei ansvarlege i prosjektet vurdere ei slik løysing.

- Elles har eg som gamal vegplanleggjar best erfaring med – og mest tru på – dette å møte folk ansikt til ansikt. Slik også i dette prosjektet.

**Då kjem du bokstaveleg talt nærare folk, og bodskapen og kommunikasjonen vert klarare og betre - begge vegar.**

**Så kan det sikkert diskuterast kva møteform som høver best i denne samanheng.**

- Skal historiebodskapen leggjast fram som ei av fleire orienteringssaker - og del av programmet - på vegpensjonistane sine årsmøter rundt om i fylket?**
- Eller skal eg i eigenregi, og som historiekontakt, kalle inn til eigne samlingar knytt til temaet?**
- Eg har prøvd begge delar, og er i dag ikkje i tvil om at eigne møter/samlingar knytt til temaet fangar best. Ja, eg trur det gjev best fangst- for å seie det slik.**

**Hordaland er eit relativt vidt fylke, med mange møteplassar for oss vegpensjonistar. Utanom Bergensområdet har vi m.a. Knarvik i Nordhordaland, Samnanger, Voss og i sør Odda og Stord.**

**Med ein aktuell møtedato i hende, har det så langt gått greit å få møteplass på dei lokale**

**vegstasjonane rundt om i fylket . Då etter stengetid  
– t.d 15 – 18 – møter.**

- **Med vegpensjonistlista i hende, har eg oversikt over pensjonistane i alle dei geografiske områda. Med dette som grunnlag - kontakta eg eit par av dei vegpensjonistane er kjenner godt. Her snakkar eg om folk som er godt kjent i området, og som kan gje råd om kven eg kan og bør ringe til når eg skal kalle inn til møte om historieinnsamling. På den måte unngår ein å ringe til vegpensjonistar / familiar som ut frå helseproblem eller andre årsaker bør skjermast i denne samanheng.**
- **Når innkallinga er gjort, er det berre å stille opp - med god bakst, kaffi og godt humør.**
- **På møta har eg levert ut eit lite samandrag om prosjektet, og den informasjonen som til no er sendt ut, m.a. dette å skrive ei sann og ærleg fortelling, utan å henge ut enkeltpersonar. Eg har også markert at dette ikkje skal vere svart/kvitt fortellingar, men at det også skal vere plass til historier der vegvesenet kanskje har trødd feil.**

- På møtet i Odda i mars, inviterte eg også med prosjektleiaren for det etterlengta, og nyleg oppstarta - tunnelprosjektet mellom Røldal og Seljestad. Han kom inn i siste del av møtet. Ein slik liten miks – mellom nytt og gammalt - trur eg stundom kan vere fornuftig i slike samlingar.

**Og kva får vi så ut av desse møta?**

- Folk – samla på denne måten - er flink å inspirere kvarandre nå det gjeld historiefortelling. Praten går liveleg rundt borda «Hugsar du det, og hugsar du det» osv.
- 
- Eg sansar samtidig dei som på eigne vegne er beskjedne, og meiner at deira historie ikkje er god nok, ja ikkje held mål. Men går du nærare inn på desse - på tomannshand - så viser det seg at fleire av historiene deira kan vere svært interessante i denne samanheng.
- På møta får vi gjerne også fram namn frå dei frammøtte – på vegpensjonistar som ikkje er tilstades og som dei meiner kan sitje med veghistorier. Personar som dei meiner eg bør kontakte.

- Ein annan ting eg har tenkt litt på er dette:  
Vegvesenet - som i vår tid var ein etat med stort vengespenn og utruleg mange fagfelt, og der nokre av dei kanskje levde litt anonymt og bak døra.  
Som historiekontakt er eg redd for at ein del av desse fagfelte eller seksjonane / avdelingane også lett kan falle utanfor i jakta på veghistoriene.  
Eg tenkjer m.a. den Merkantile delen, Trafikkant og køyretøy, Maskinsvdelinga, Grunn – og Eigedomssseksjonen, Laboratoriet m.m.  
Difor spør eg : For å få veghistoria breiast mogeleg - og sannast mogeleg, - bør vi i arbeidet vårt framover ha ekstra fokus på å få også desse inn i fangsten vår?

**Så til slutt:**

- Vi som historiekontakter må ikkje misse motet undervegs, sjølv om historiefangsten hittil kanskje har vore heller mager.
- Sjølv har eg god tru på prosjektet, som fortsatt berre er i sin ungdom.

**Men som bonden sår sine frø - og vi vårt  
historiebodskap - så kan det stundom ta tid å få  
dette til å gro og avling og resultatet fram. Ja, truleg  
må vi gå sårunden fleire gongar før vi kan seie oss  
fornøgd med fangsten.**

**Stå på folkens – og miss ikkje motet!!**

